



## Wattn signerer storkontrakt med Forsvarsbygg

Gjennom avtalen skal Wattn forsyne alle Forsvarsbygg sine lokasjoner i Noreg med kraft.

Avtalen blei inngått etter at Wattn vann anbodskonkurransen om kraftleveranse til Forsvarsbygg. Egedomsporteføljen til Forsvarsbygg er ein av dei mest krevjande i landet, den inneheld 15 festningar, militærleirar, skyte- og øvingsfelt og flystasjonar.

- Dette er ein viktig avtale for oss, seier Camilla Blom, leiar for bedriftsmarknad i Wattn. Vi ser fram til å samarbeide med Forsvarsbygg i åra framover. Dette er ein stor og profesjonell innkjøpar som vi er veldig fornøgde med å ha inngått samarbeid med. Avtalen betyr mykje for oss, med eit forbruk tilsvarande ein mellomstor by i Noreg, er dette ein veldig viktig kunde for oss.

Avtalen trer i kraft 1. januar 2024.

## Om Wattn

Straumselskapet Wattn er skapt og eigd av TAFJORD, Sogn og Fjordane Energi, Tussa og Sognekraft.

Vi tilbyr framtidsretta produkt og tenester med fokus på smart teknologi og berekraft. Gjennom gode løysingar ønsker vi å gi kundane betre innsikt og kontroll over kostnader og forbruk. Wattn har 50 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Florø, Ørsta, Stryn, Vik i Sogn, Stranda og Kvinnherad.

## Kontaktinformasjon:

Camilla Blom, Leiar for bedriftsmarknad

Telefon: 41 59 77 05

E-post: [camilla.blom@wattn.no](mailto:camilla.blom@wattn.no)